



Turid Bjørge
Postboks 47
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1107 - 15/18513

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

12.10.2015

Grunnlag for fritak for feieavgift.

Meland kommune viser til skriv motteke 10.04.2015 vedk fritak for feieavgift for Dykkar husvære.

Ved fritak for feieavgift må det dokumenterast at husvære ikkje har eldstad eller skorstein, dvs eldstad er fjerna og/eller skorsteinen er plombert.

Etter ny lovpålagt forskrift har kommunen innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter behov, skal nyttast til inspeksjon av husvære der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og skal dekkast gjennom feie-/tilsynsgebyr.

Før kommunen ev. kan gje fritak for feieavgift for Dykkar husvære, må det sendast inn dokumentasjon i samsvar med overnemnde kriterier.

Meland kommune seier seg lei for at svar på Dykkar brev har tatt tid.

Med helsing

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no